



Kart må vere i kurant målestokk og med rutenett for å kunne nyttast i søknader.

Sak PS 44/16 - synfaring





MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 19.04.2016
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen, møte kl. 12:20	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anders Egil Straume	Medlem	KRF

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Erlend Krumsvik	Anders Egil Straume	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Kjell Magne Rindal	Eigedomssjef - OS 52/16
Bente Engeseth	Konsulent - PS 74/16
Nina Kvalen	Rådgjevar - PS 70/16
Inger-Johanne Johnsen	Sektorsjef kultur og service PS - 74/16
Lars Fjærvold	Ingeniør - PS 73/16

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 66/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
OS 53/16	EPC – energisparekontrakt
PS 67/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 68/16	Kommunereform - Intensjonsavtale om å slå saman Volda og Ørsta kommunar
PS 69/16	Kommunereforma - Intensjonsavtale om å slå saman Volda, Hornindal og Stryn kommunar
PS 70/16	Fordeling av midlar til asyl-, busetjings,- og integreringsarbeidet
PS 71/16	Oppreisning for tidlegare barnevernsbarn
PS 72/16	Felles vegpakke for Volda og Ørsta – prosess
PS 73/16	Hamneavgift - Vikeneskaia og Allmenningskaia 2016
PS 74/16	Alkoholpolitisk handlingsplan - løyvepolitikken 2016-2020
PS 75/16	Orienteringssaker
OS 54/16	Søknad om tilskot til vegar, breiband og andre digitaliseringstiltak i kommunar som skal slå seg saman
OS 55/16	Høring - Kommunelovutvalgets utredning 2016: 4 - Ny kommunelov
OS 56/16	Reguleringsplan E39 Volda-Furene. Rapport frå idéverkstaden m.m.
OS 57/16	Møtereferat arbeidsgruppemøte Voldahallen 10.03.2016
OS 58/16	Statleg sysselsettingspakke i statsbudsjettet for 2016 – vedlikehaldsmidlar
OS 59/16	Invitation to Saldus municipality celebration
OS 60/16	Hagefest i Slottsparken

PS 66/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var ingen merknader til innkallinga.

Røysting:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

OS 53/16 EPC - energisparekontrakt

Eigedomssjef Kjell Magne Rindal orienterte om EPC – energisparekontrakt og dei kommunale bygga. Det var særskild merksemd på Ivar Aasenbygget og moglegheiter for bygging av ei ekstra etasje i samband med EPC-prosjektet. Det vert lagt fram sak til kommunestyret i mai, som omhandlar EPC – energisparekontrakt.

Sølvi Dimmen møtte under orienteringa, kl. 12.20.

PS 67/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte, 05.04.2016, vart samrøystes godkjent.

PS 68/16 Kommunereform - Intensjonsavtale om å slå saman Volda og Ørsta kommunar

Administrasjonen si tilråding:

1. Volda kommunestyre vedtek *Intensjonsavtale om slå saman kommunane Volda og Ørsta*, datert 15. mars 2016. *Økonominotat*, datert 15. mars 2016 er vedlegg til avtalen.
2. Under føresetnad av likelydande vedtak i Ørsta kommunestyre, vedtek Volda kommunestyre å legge intensjonsavtalen til grunn for rådgjevande folkerøysting 19. mai 2016.

3. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.

Handsaming:

Ordføraren orienterte om saka.

Margrete Bjerkvik kom med slikt framlegg til nytt pkt. 4:

Resultat av hittil gjennomført innbyggjarundersøkingar skal vere likeverdige som avgjerdsgrunnlag med resultat av folkerøysting når kommunestyret i Volda skal gjere sitt vedtak om framtidig kommunestruktur.

Odd A. Folkestad kom med slikt alternativ framlegg til pkt. 3:

Under foresetnad av minst 50% deltaking i folkerøystinga, vil Volda kommunestyre vere forplikta til å gjere vedtak i juni 2016 som samsvarar med folkerøystingsresultatet.

Prøverøysting:

Pkt. 1 i tilrådinga frå administrasjonen fekk ni røyster.

Pkt. 2 i tilrådinga frå administrasjonen fekk ni røyster.

Det vart røysta alternativt mellom pkt. 3 i tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Odd A. Folkestad. Pkt. 3 i tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og framlegget frå Odd A. Folkestad fekk ei røyst (Odd A. Folkestad).

Nytt pkt. 4 – framlegget frå Margrete Bjerkvik fekk ei røyst (Margrete Bjerkvik), åtte røysta imot.

Margrete Bjerkvik trekte framlegget sitt.

Røysting:

Pkt. 1 og 2 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta alternativt mellom pkt. 3 i tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Odd A. Folkestad. Pkt. 3 i tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteke, framlegget frå Odd A. Folkestad fekk ei røyst (Odd A. Folkestad) og fall.

Tilråding i formannskapet - 19.04.2016 til kommunestyret:

1. Volda kommunestyre vedtek *Intensjonsavtale om slå saman kommunane Volda og Ørsta*, datert 15. mars 2016. *Økonominotat*, datert 15. mars 2016 er vedlegg til avtalen.

2. Under føresetnad av likelydande vedtak i Ørsta kommunestyre, vedtek Volda kommunestyre å legge intensjonsavtalen til grunn for rådgjevande folkerøysting 19. mai 2016.
3. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.

PS 69/16 Kommunereforma - Intensjonsavtale om å slå saman Volda, Hornindal og Stryn kommunar

Administrasjonen si tilråding:

1. I spørsmålet om kommunesamanslåing ser Volda kommunestyre alternativet Volda-Ørsta som det primære.
2. Volda kommunestyre tek i denne omgang til vitande framforhandla *Intensjonsavtale om slå saman kommunane Volda, Hornindal og Stryn* datert 14. april 2016.
3. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Det skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.
4. Kommunestyret vedtek at det snarast råd og før endeleg vedtak om kommunesamanslåing i juni skal gjennomførast ei lokal innbyggjarundersøking for Volda der også Ørsta, Hornindal og Stryn er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt syn på aktuelle alternativ og som eit supplement til intensjonsavtalane og folkerøystinga om samanslåing mellom Volda og Ørsta kommune. Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.

Handsaming:

Gunnar Strøm kom med slikt framlegg:

Endring pkt 4:

innbyggjarundersøkinga skal gjerast snarast råd etter folkerøystinga.

Nytt pkt. 6:

Før eit vedtak om ei eventuell samanslåing med Hornindal og/eller Stryn skal det haldast folkerøysting.

Odd A. Folkestad, kom med slikt framlegg til nytt pkt 5:

Dersom det som eit resultat av folkerøystinga 19/5.2016, ikkje vert aktuelt med ei samanslåing av Volda og Ørsta, søker Volda kommune om ei lenging av fristen for endeleg vedtak om kommunesamanslåing til 15/8.2016. - Ein vil pr. 1/6.2016 vere kjend med resultatet frå folkerøystingar om kommunesamanslåing som har vore gjorde i kommunar som grensar mot Volda, og vil då evt. kunne setje i gang ein forsvarleg politisk prosess med å finne andre aktuelle samanslåingskommunar for Volda. Volda kommunestyre kan då gjere endeleg vedtak i saka om kommunesamanslåing i eit ekstra kommunestyremøte tidleg i august 2016.

Prøverøysting:

Pkt. 1 i tilrådinga frå administrasjonen fekk ni røyster.

Pkt. 2 i tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster. Odd A. Folkestad røysta imot.

Pkt. 3 i tilrådinga frå administrasjonen fekk ni røyster.

Det vart røysta alternativt mellom pkt. 3 i tilrådinga frå administrasjonen og endringsframlegget frå Gunnar Strøm. Pkt. 4 i tilrådinga frå administrasjonen fekk sju røyster.

Framlegget frå Gunnar Strøm fekk to røyster (Gunnar Strøm og Odd A. Folkestad).

Pkt 5. Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk to røyster (Odd A. Folkestad og Gunnar Strøm), sju røysta imot.

Pkt 6. Framlegget frå Gunnar Strøm fekk fem røyster. Fire røysta imot (Jørgen Amdam, Dan Bjørneset, Margrete Bjerkvik og Erlend Krumsvik).

Røysting:

Pkt. 1 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 i tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteke. Odd A. Folkestad røysta imot.

Pkt. 3 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta alternativt mellom pkt. 4 i tilrådinga frå administrasjonen og endringsframlegget frå Gunnar Strøm. Pkt. 4 i tilrådinga frå administrasjonen fekk sju røyster og vart vedteke. Framlegget frå Gunnar Strøm fekk to røyster og fall (Gunnar Strøm og Odd A. Folkestad).

Pkt 5. Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk to røyster og fall (Odd A. Folkestad og Gunnar Strøm), sju røysta imot.

Pkt 6. Framlegget frå Gunnar Strøm fekk fem røyster og vart vedteke. Fire røysta imot (Jørgen Amdam, Dan Bjørneset, Margrete Bjerkvik og Erlend Krumsvik).

Tilråding i formannskapet - 19.04.2016 til kommunestyret:

- 1. I spørsmålet om kommunesamanslåing ser Volda kommunestyre alternativet Volda-Ørsta som det primære.**
- 2. Volda kommunestyre tek i denne omgang til vitande framforhandla Intensjonsavtale om slå saman kommunane Volda, Hornindal og Stryn datert 14. april 2016.**

3. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Det skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.
4. Kommunestyret vedtek at det snarast råd og før endeleg vedtak om kommunesamanslåing i juni skal gjennomførast ei lokal innbyggjarundersøking for Volda der også Ørsta, Hornindal og Stryn er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt syn på aktuelle alternativ og som eit supplement til intensjonsavtalane og folkerøystinga om samanslåing mellom Volda og Ørsta kommune. Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.
5. Før eit vedtak om ei eventuell samanslåing med Hornindal og/eller Stryn skal det haldast folkerøysting.

PS 70/16 Fordeling av midlar til asyl-, busetjings,- og integreringsarbeidet

Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner oppfølging av vedtaka i k-sak 128/15, slik det kjem fram av vedlegg 1.
2. Frå 01.05.16 får helsestasjonen auka stillingsressurs på 50% som helsesøster til arbeidet med psykisk helse overfor barn og ungdom med minoritetsbakgrunn.
3. Frå 01.05.16 får Volda læringscenter auka stillingsressurs på 100% som miljøarbeidar til arbeidet med busetjing av flyktningar og oppfølging i bustad og fritid.
4. Frå 01.05.16 får biblioteket auka stillingsressurs på 50% til arbeidet med auka tal flyktningar og asylsøkjjarar ved biblioteket, og styrka ressurs på kr 30 000 til aktivitetar og integreringstiltak for målgruppa.
5. Frå hausten 2016 vert det oppretta to nye lærlingplassar til flyktningar i Volda kommune, derav ein til helserekrutten i prosjektet "Menn i helse".
6. Kommunestyret set av ei årleg ramme på 1,2 mill. til kvalifiseringstiltak for flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogram.
7. Kommunestyret godkjenner at sum utgifter i 2016 vert kr 2,4 mill, og kr 3,1 mill. i 2017, slik det kjem fram av vedlegg 1.

Handsaming:

Spesialrådgjevar innvandring og integrering, Nina Kvalen, orienterte om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 19.04.2016 til kommunestyret:

1. *Kommunestyret godkjenner oppfølging av vedtaka i k-sak 128/15, slik det kjem fram av vedlegg 1.*
2. *Frå 01.05.16 får helsestasjonen auka stillingsressurs på 50% som helsesøster til arbeidet med psykisk helse overfor barn og ungdom med minoritetsbakgrunn.*
3. *Frå 01.05.16 får Volda læringssenter auka stillingsressurs på 100% som miljoarbeidar til arbeidet med busetjing av flyktningar og oppfølging i bustad og fritid.*
4. *Frå 01.05.16 får biblioteket auka stillingsressurs på 50% til arbeidet med auka tal flyktningar og asylsøklarar ved biblioteket, og styrka ressurs på kr 30 000 til aktivitetar og integreringstiltak for målgruppa.*
5. *Frå hausten 2016 vert det oppretta to nye lærlingplassar til flyktningar i Volda kommune, derav ein til helserekrutten i prosjektet "Menn i helse".*
6. *Kommunestyret set av ei årleg ramme på 1,2 mill. til kvalifiseringstiltak for flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogram.*
7. *Kommunestyret godkjenner at sum utgifter i 2016 vert kr 2,4 mill, og kr 3,1 mill. i 2017, slik det kjem fram av vedlegg 1.*

PS 71/16 Oppreisning for tidlegare barnevernsbarn

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner samarbeidsavtalen med kostnadsfordeling.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 19.04.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner samarbeidsavtalen med kostnadsfordeling.

PS 72/16 Felles vegpakke for Volda og Ørsta - prosess

Administrasjonen si tilråding:

1. *Kommunestyret ser framdrift og prioritering av dei overordna veglinene med tilhøyrande infrastruktur som avgjerande for utviklinga i regionen Volda - Ørsta, og minner om at dette er eit samfunn som må sjåast på line med dei tre byane Kristiansund, Molde og Ålesund.*

2. Kommunestyret godkjenner at prosess på utarbeiding av grunnlag for felles samferdselspakke for Volda og Ørsta vert sett i gang med sikte på innsending av søknad om bompengefinansiering i 2018.

3. Programnotatet skal definere konkrete tiltak og sjå gjennomføring i fasar ut frå realisme knytt til målsetting for samferdselspakke-programmet, tilgjengelege ressursar og gjennomførbarheit.

4. Kommunestyret ber ordførar og rådmann ta kontakt med Statens Vegvesen, region Midt, Møre og Romsdal fylkeskommune og Ørsta kommune for å få etablert ei styringsgruppe til å styre og gjennomføre utgreiinga. Styringsgruppa fastset framdriftsplan, set ned ev arbeidsgrupper og rapporterer til kommunestyret. Ordførar og rådmann representerer styringsgruppa frå Volda kommune.

Handsaming:

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

AKTUELLE STØRRE E39-PROSJEKT I VOLDA/ØRSTA

I melding frå Regjeringa frå 14/4.2014 vedr lineval for ny ferjefri E39 lydde det slik vedr hovedløyising for strekninga: E39 Volda-Ålesund: "Kryssing av Storfjorden - Alternativet Hafast, det vil seie vegsamband Hareid-Sula, skal leggjast til grunn for framtidig trasé for E39. Kva for bruløyising som skal leggjast til grunn for kryssing av Sulafjorden må utgreiast vidare. Løyising for kryssing av Vartdalsfjorden må også utgreiast vidare." Det er viktig at alt planleggingsarbeid av vegløyisingar i dette området er tufta på denne meldinga frå Samferdselsdepartementet.

Voldatunnel som vil verte ein viktig del av den nye ferjefri E39 - og som det må vere eit samordna krav skal kome inn i 1. planperiode for ny NTP, skal i utgangspunktet fullfinansierast av statlege midlar. Dersom det her vil verte reist krav om lokal medfinansiering ved bompengar, vil det vere ein absolutt føresetnad at det frå Furene til Volda sentrum finnest eit bompengefritt køyrealternativ.

Ordføraren kom med slikt endringsframlegg pkt. 2:

Kommunestyret godkjenner at prosess på utarbeiding av grunnlag for felles samferdselspakke for Volda og Ørsta vert sett i gang. med sikte på innsending av søknad om bompengefinansiering i 2018.

Prøverøysting:

Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk ei røyst.

Pkt. 1 i tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster. Odd A. Folkestad røysta imot.

Pkt. 2 i tilrådinga frå administrasjonen fekk null røyster.
Ordføraren sitt alternative framlegg til pkt. 2 fekk åtte røyster. Odd A. Folkestad røysta imot.
Pkt. 3 i tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster. Odd A. Folkestad røysta imot.
Pkt. 4 i tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster. Odd A. Folkestad røysta imot.

Røysting:

Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk ei røyst (Odd A. Folkestad) og fall, åtte røysta imot.
Pkt. 1 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Pkt. 2 i tilrådinga frå administrasjonen fekk null røyster og fall.
Alternativt framlegg pkt. 2 vart samrøystes vedteke.
Pkt. 3 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.
Pkt. 4 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 19.04.2016 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret ser framdrift og prioritering av dei overordna veglinene med tilhøyrande infrastruktur som avgjerande for utviklinga i regionen Volda - Ørsta, og minner om at dette er eit samfunn som må sjåast på line med dei tre byane Kristiansund, Molde og Ålesund.*
- 2. Kommunestyret godkjenner at prosess på utarbeiding av grunnlag for felles samferdselspakke for Volda og Ørsta vert sett i gang.*
- 3. Programnotatet skal definere konkrete tiltak og sjå gjennomføring i fasar ut frå realisme knytt til målsetting for samferdselspakke-programmet, tilgjengelege ressursar og gjennomførbarheit.*
- 4. Kommunestyret ber ordførar og rådmann ta kontakt med Statens Vegvesen, region Midt, Møre og Romsdal fylkeskommune og Ørsta kommune for å få etablert ei styringsgruppe til å styre og gjennomføre utgreiinga. Styringsgruppa fastset framdriftsplan, set ned ev arbeidsgrupper og rapporterer til kommunestyret. Ordførar og rådmann representerer styringsgruppa frå Volda kommune.*

PS 73/16 Hamneavgift - Vikeneskaia og Allmenningskaia 2016

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet vedtek å sende forslaget til nytt Hamneregulativet, datert 07.04.2016, på høyring og kunngjering.

Handsaming:

Ingeniør ved teknisk sektor Lars Fjærvold, møtte under handsaminga av saka og svara på spørsmål frå formannskapet.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 19.04.2016

Formannskapet vedtek å sende forslaget til nytt Hamneregulativet, datert 07.04.2016, på høyring og kunngjering.

PS 74/16 Alkoholpolitisk handlingsplan - løyvepolitikken 2016-2020**Administrasjonen si tilråding:**

Formannskapet godkjenner at "Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020, Løyvepolitikken", vert sendt ut på høyring slik den ligg føre i vedlegg 1. Høyringsperioden vert sett til 3 veker.

Handsaming:

Sakshandsamar Bente Engeseth orienterte og svara på spørsmål frå formannskapet. Sektorsjef for kultur og service, Inger-Johanne Johnsen, var til stades under handsaminga av saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 19.04.2016

Formannskapet godkjenner at "Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020, Løyvepolitikken", vert sendt ut på høyring slik den ligg føre i vedlegg 1. Høyringsperioden vert sett til 3 veker.

PS 75/16 Orienteringssaker

OS 54/16 Søknad om tilskot til vegar, breiband og andre digitaliseringstiltak i kommunar som skal slå seg saman

Ordføraren orienterte om saka. Det var ingen merknader til orienteringssaka.

OS 55/16 Høring - Kommunelovutvalgets utredning 2016: 4 - Ny kommunelov

Ordføraren orienterte om saka. Det var ingen merknader til orienteringssaka.

OS 56/16 Reguleringsplan E39 Volda-Furene. Rapport frå idéverkstaden m.m.

Ordføraren orienterte om saka. Det var ingen merknader til orienteringssaka.

OS 57/16 Møtereferat arbeidsgruppemøte Voldahallen 10.03.2016

Ordføraren orienterte om status for saka. Formannskapet drøfta saka og det var semje om at ein bør arbeide for å halde framdrift i prosjektet. Ordføraren vil orientere om Voldahallen i kommunestyret 21. april i samband med grunngjeve spørsmål, stilt av Arild Iversen.

OS 58/16 Statleg sysselsettingspakke i statsbudsjettet for 2016 - vedlikeholdsmidlar

Det var ingen merknader til orienteringssaka.

OS 59/16 Invitation to Saldus municipality celebration

Volda kommune er invitert til venskapsbyen Saldus. Sølvi Dimmen og Odd Harald Sundal ynskjer å reise til Saldus som kommunen sine representantar. Kostnadsdekning for reisa vert formannskapetets reservepost.

OS 60/16 Hagefest i Slottsparken

Formannskapet vert oppmoda til å kome med framlegg om aktuelle kandidatar frå Volda kommune, som kan delta på hagefest i Slottsparken. Det var semje i formannskapet om at ordføraren og varaordføraren får fullmakt til å velje ut to personar.

Møtet slutt 16:20

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
20.04.2016

Sonja Håvik
konsulent

Til orientering
Viser til Sak PS 39 /16 -handsama i kommunestyret 31.03.16

Behandling i Fylkestinget - 11.04.2016

Arild Iversen (Krf) fremma følgjande forslag:

«Fylkestinget ber fylkesrådmannen syte for at nødvendig rassikring av fylkesveg 40 Lauvstad-Folkestad kjem med i rassikringsplanen for fylkesveggar i Møre og Romsdal.»

Votering:

Fylkesutvalets tilråding til og med punktet om rassikring blei samrøystes vedteke. Forslaget frå Arild Iversen blei samrøystes vedteke. Fylkesutvalets tilråding om trafikktryggingstiltak og mindre utbetringar blei samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i Fylkestinget - 11.04.2016

Fylkestinget vedtek investeringsprogrammet slik det no vert lagt fram, med følgjande endringar:

Rassikring: Fv 63 Eidsdal - Geiranger
2017- 2018- 2019- 2020
35 - 80 - 150 - 150 mill. kroner.

Fylkestinget ber fylkesrådmannen syte for at nødvendig rassikring av fylkesveg 40 Lauvstad-Folkestad kjem med i rassikringsplanen for fylkesveggar i Møre og Romsdal.

Trafikktryggingstiltak
9. Hasundkrysset Ulstein

Mindre utbetringar
15. Teige/Teigeneset Fv 20 - Nerlandsøybru.
Utbetring bruer (div. bruer) skal leggjast fram som eiga prioriteringssak, der flaskehalsar på grunn av nedskrivning også skal vurderast. Eventuell omprioritering av løyvinga til Holte bru-Løfall vert å komme tilbake til i eiga sak. Som nye prosjekt prioriterer fylkestinget som nr 6 Tunheim i Vanylven kommune og nr 7 Kleive-Nesbøen i Molde kommune. Organisering av arbeidet og framdrift for Nerlandsøybrua vert å komme tilbake til i eiga sak.